

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord
Tid/Sted: Tysdag 11.06.19 kl 11 - kl 16 på Thon Hotel Nordlys, Bodø
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Bjørn Arne Skoglund, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Tone Rubach, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen
Forfall: Fred Tore Fagereng
Kopi til: Vara AU, Tor Olav Brandtzæg og leiargruppe region Nord
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 11.06.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styret Merethe orienterte m.a. om tilsetjing av ny konsernsjef, utgreiing om mogeleg nedlegging av Nortura Otta, oppdeling i nye forretningsområde, status NOVA-prosjektet, reduksjon i marknadsandelar for raudt kjøt, prognosen for 2019, status reguleringslager og prosjekt sunn snack. Brit Kari ville ha innspel på om tlf møte for info om ny konsernsjef hadde vore greitt. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Aktuelt å legge ned andre anlegg enn Otta? Viktig med transporttid i dyrevelferdsperspektiv.• Kvifor er ikkje transport eige forretningsområde?• Er det produsentar som sluttar eller går til konkurrent som er årsaka til reduksjon i marknadsandelar?• Vedk ny konsernsjef: Set pris på at vi som tillitsvalde får info i forkant av "dei fleste andre".• Kort og konsis info. Trine er dyktig på å involvere tillitsvalde. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
2	Oppgåver for fri AU-medlem Svein orienterte om bakgrunnen. Aktuelle arbeidsområde kan vere livdyrformidling, nisje og klassifisering. Ynskte innspel på kva type oppgåver som det er behov for at den frie AU-medlemmen i region Nord har. <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Thulefjord og oppretthalde vidareforedling i regionen?• Nisje, retur og medlemskjøp er ynskjeleg frå adm• Inkludere retur av skinn• Viktig med like rutiner over heile landet• Kontaktpersonar for Tone vil vere Pål Kenneth Løvås og Svein Inge• Medlemsbutikkane ligg ikkje inne i medlemskjøp• For mange er det viktig med retur av eigne slakt Vedtak: AU vedtek at fri AU-medlem sine oppgåver skal vere nisje, retur og medlemskjøp.	
3	Oppnemning av ressursgrupper Brit Kari orienterte om at kvart AU-medlem må vurdere behov for endringar i sine ressursgrupper. Tove bør også ha ei ressursgruppe til støtte i sitt arbeid, med	

fortrinnsvis kretsleiarar som har erfaring med nisje, retur og medlemskjøp.

Innspel/kommentarar:

- Viktig å bruke ressursgruppene sine, gjerne i forkant av fagutvalsmøta.
- Geografisk spredning viktig.
- Ha medlemar i ressursgruppa som ikkje er for lik seg sjølv
- Fred Tore bør vurdere endring eller utviding av ressursgruppe storfe av omsyn til geografi

Vedtak: AU vil vedta nye ressursgrupper i neste tlf møte 25. juni.

AU

4 **Orientering frå Medlem region Nord**

Svein Inge orienterte om produksjon på opptil 2 200 kg pr veke av Thulefjord pølser siste 2-3 vekene, låg lenge på 300 kg. Alle salssjefar fått førespurnad om rullsortimentet, for innsal til jul.

Tilførselar: Karasjok, Målselv og Horn har slakta same antal storfe hittil i år som i fjor. Småfe: Færre i Karasjok, Målselv om lag lik og Horn og Bø meir. Bjerka færre. Gris: Færre i Målselv og Bjerka, fleire hos Horn.

Kåringsrunden er ferdig. God utvikling for livdyrformidlinga.

Spørsmål/kommentarar:

- I kva butikkar skal Thulefjord vere tilgjengeleg?
- Kva er status for grønne storfebuskapar i region Nord?
- Konkursen til Min Boazu reinslakteri i Finnmark, kva konsekvensar får det for Nortura?
- Svar: Auka reinslaktning og betra botnlinje for anlegget.
- Klassifisering storfe: Får Nortura tilførselar pga meir korrekt klassifisering hos alle aktørar?
- Er det nokon som har fått medhald i klage på klassifisering?
- Spørsmål om kor mange som konkret har klaga, i forhold til misnøyen uttrykt på Facebook.
- Brev frå Animalia hjelper ikkje bonde som har gått ned i klasse og inntekt.
- Spesielt at det er klassifiseringa av dei høgste klassene som er redusert, og i hovudsak ein rase. Spesielt at ingen har fått medhald på klage.
- Brevet frå Animalia er informativt, noko slår negativt og positivt ut. Veggen vidare er skissert med evaluering av systemet.
- Viktig å prate med bøndene som er misnøgd, og oppfordre dei til å evt sende inn klage.
- Kan be Animalia framskande evalueringa. Uttale om at klassifisør kan endre rasetype, men dette stemmer ikkje.
- Påstand om at klassifisør får forslag på feittklasse, stemmer det?
- Svar: Får forslag ja, men vert ikkje tatt omsyn til.
- Horn har hatt ein del info møter. Inntrykk frå møta at endringa er Nortura si skuld. Korleis handterer vi det?
- I region Nord har ein del saueprodusentar, også store, lagt ned. Også ein del store som har redusert, og ikkje har planar om å auke produksjonen igjen. Sauetalet kjem truleg til å fortsatt gå ned.
- Kor stor andel av saueprodusentane har vi kontroll over gjennom Sauekontrollen?
- Svar: Ca 40 % er medlemar i Sauekontrollen

Svein Inge

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 **Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane**

Ragnhild orienterte om at fagutval småfe har gjeve innspel til styret på engrospris. Fokus på økonomiske utfordringar. Ansvarskretsane: Svartisen ingen konkrete planar. Midt-Salten: Skal ha møte i kretsutvalet. Nord-Helgeland: Skal ha stand med

smaksprøver av Thulefjord. Beiarn: Ikkje fått kontakt. Nord-Salten: Fjøsopning i aug/sept.

Bente orienterte om at fagutval gris er opptatt av filmen vedk dyrevelferd. Oppfordre næringa om ikkje å dele i sosiale media. Fokus på psykisk helse. Nye tiltak på dyrevelferd under planlegging. Pris, skuffande at det ikkje vart auka engrospris. Bekymra for grisen i Nordland.

Bjørn Arne orienterte frå fagutval egg med prisnedgang pga for kjapp omstilling som gjev auka snittpris. Overgang frå Coop til Rema tek tid. Den Stolte Hane har kopiert Frokostegg-pakken som no vert selt hos Coop. Solvinge-namnet er eigd av Rema og vert tatt vidare av oss no. 20 % av produsentane har ikkje avklart omstilling, mogleg halvparten vurderer å slutte. Ansvarskretsane: Hadde felles møte i kretsutvala Andøya, Vesterålen og Lofoten fredag, i tilknytning til rømmegraut-kveld fredag. Diskutert tilgang på Gilde og Prior-varer i butikk. Lite bevegelse i tilførslane mellom Horn og Nortura.

Svein orienterte om lite aktivitet i Finnmark, nokon innspel på klassifisering. Midt-Finnmark er aktive. Øst-Finnmark har aktivitet på gang. Har ikkje nådd kretsleiar for Vest-Finnmark. Noko byggeaktivitet for storfekjøtproduksjon.

Tone har prøvd å få kontakt med sine kretsleiarar i ansvarskretsane. I eigen krets stilt, noko om klassifisering og rutiner for nisje. Få til møte enten på Målselv eller eigen krets med tema rutiner for nisje. Prosjekt i Kvæfjord på matkultur, knytt til nisjeproduksjon. Nye fjøs under oppstart.

Endre: Stort sett stilt på Helgeland, men ein del på klassifisering, særleg i kjøtfemiljøet. Skal kontakte ansvarskretsane.

Spørsmål/kommentarar:

- Korleis vert innføringa av SAP for lammeringane sine rutiner? Nøyaktigheit for antal dyr og leverandørar? Ragnhild ynskjer info om evt endringar.
- Kan omsetningsavgifta på gris reduserast/takast bort?
- Hos Spar lite Gilde-varer, men noko Prior. Kjedene får automatisk tilsendt EMV, må aktivt bestille Gilde og Prior.
- Dønna Sau og Geit grilla lammeskiver og grillskiver av lam, som butikken skulle ha rikeleg av. Gjekk tom midt på dag.
- Har rådgjevarane i Nortura krav til inntening? Bør ha fokus på fakturering.
- Vert det halalslakta i Målselv? Busstur frå Evenes til Sverige for kjøp av halalslakt.
- Få til tlf møter med kretsleiarane no for innspel/status til handlingsplan i kretsane?
- Tlf møte med kretsleiarane vert i august, i etterkant av AU-møtet.
- Ynskjer innkalling og sakspapir som vedlegg til møteinnkallinga på Skype.
- Sende også ut innkalling til RU-møtet på Skype
- Sende info til Nordnorsk landbruksråd om møtedatoar.

Svein Inge

Brit Kari
Brit Kari
Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. AU vert oppfordra til fortsatt kontakt med ansvarskretsane.

6 **Årets tillitsvalde og årets krets**

Brit Kari orienterte om at det er planlagt utdeling av desse prisane frå årsmøtet 2020, og ynskjer innspel til kriterie. Kåring av regionale vinnarar, og ei nasjonal vinnar. Også forslag frå AU Midt om årets ambassadør.

Innspel/kommentarar:

- Aktivitet og engasjement i kretsen. Jobbe/fronte med ei sak, t.d. livdyromsetjing, sal av vaksen sau.
- Kretsar med utvikling i aktivitetsnivå, frå ingenting til at det har skjedd noko.
- Utmerka seg positivt i ei sak
- Er stor skilnad i storleik på kretsane

- Må kunne kåre ein AU-medlem til vinnar.
- Mediadekning ut over lokalt, omdømmebygging.
- Viktig å få innspel på kandidatar
- Konkrete produkt framfor eit gåvekort, + blomster.
- Varer til grillkveld i kretsen, evt kr 10 000 til eit arr i kretsen.
- Årets tillitsvald og årets ambassadør bør få ein konkret ting.
- Sende info om prisvinnarar til lokalavisene for omtale, jf Bondelaget og TINE.

7 **Planlegge AU-møte 20. og 21.08**

Brit Kari orienterte om at det vert felles møte med AU Midt 20.08, og separat møte 21.08. AU Midt ynskjer at Ole Nikolai Skulberg frå Totalmarked deltek i fellesmøtet

Spørsmål/kommentarar:

- Ynskje om omvisning på Nortura Malvik.
- Sjekke tidspkt for ankomst og avreise
- Info om sal/marked ved Harald Bjerknes?
- Info om regionalt kjøtprosjekt i Midt-Norge?
- Overnatting Scandic Hell

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med AU-møte 20. og 21.08.

8 **Eventuelt**

- Neste møte utsetjast frå 20.06 til 25.06 kl 11.30
- Svein spurte om differensiert omsetningsavgift hadde vore diskutert i fagutvala. Det hadde det ikkje, er berre drøfta i Omsetningsrådet.

Brit Kari